

REFERAT FRÅ ELEVRÅD 18.11.24

Til stades: Sarah og Marcus frå 8A, Malin og Victor frå 8B, Håkon og Aleksander frå 9A, Lina og Emely frå 9B, Ane frå 10A, Emilie og Noah frå 10B

Forfall: Theo 10A

Sak 1 Juletre – kven kan fiksa?

Tradisjonen tru plar me ha ekte juletre på Lye ungdomsskule. Tidlegare har det vore elevar som har skaffa dette. Kjenner de nokon som har eit juletre skulen kan få? Me må ha det klart i løpet av neste (veke 48)

Oppdrag: Spør i klassane om nokon kan skaffa eit juletre.

Sak 2 Barn og unges kommunestyre – TEMA: Elevdemokrati og medverknad

Ny dato: Onsdag 04.12.24 – kl 10.00-13.00

4 stk reiser frå Lye u – Kven: Lina 9B, Håkon og Aleksander 9A, Victor 8B

Oppdrag me har fått frå BUK:

1. Saker som opptek oss i nærmiljøet og senda inn spørsmål til ordføraren.

- a) Tursti på Undheim – Undheim og mot Taksdal brua. Turstien må få ny grus evnt asfalterast. «Farleg Vegen blir brukt av både unge og eldre folk.
- b) Gatelys frå Time kyrje og ned til vegen - Garborgvegen

Det kom ikkje inn noko spørsmål til ordføraren knytta til desse to sakene.

2. Forslag til bruk av 75.000 kr. Elevrådsrepresentantane har førebels fått inn desse forslaga:

- Sykkel løypa
- Klatrestativ

Sak 3 Saker frå klassane:

Det kom inn ønskje om ny felles tur.

Det er eit ønskje frå fleire om å bruka noko av elevrådspengane til kjøp av Micro.

Elevrådet drøfta korleis ein kan løysa dette reint praktisk i fht bruk og reinhald? Forslag: om ulike dagar pr trinn. Ordenselevane evnt dei som har ryddeveka har ansvar for reinhald

Sak 4 Svar på spørsmål som kom opp på førre møte

- Ipad skal vera lada til 80 prosent
- Ikkje tyggis i timane. Det handler om å ikkje forstyrre undervisninga, tull og tøys ved bruk av tyggi, samt at det står i ordensreglementet
- I fht å gå til butikken er det Coop extra som sjølv ikkje ønskjer å ha elevar i butikken. Dei opnar opp for at 10. klasse kan få lov. I tillegg er det skulen som har ansvaret for elevane og i friminutta om det skjer noko. Ingen andre ungdomsskular som gjer lov til dette.

Referent

Grete Reppe Håland